



Jan B. Thorsheim

Thorsheim
5912 SEIM

Dykkar ref:	Vår ref:	Sakshandsamar:	Direkte tlf:	Arkivkode:	Dato:
	99/03614-21	Lars Johan Haukås	56 35 66 12	171/002	24.07.2002

LINDÅS FISKEOPPDRETT A/S - FØRESPURNAD OM ETABLERING AV FISKETRAPP I SAMBAND MED DAMREGULERING PÅ STORAVATNET VED TRESKALLEN


Viser til Dykkar førespurnad på teknisk kontor om etablering av fisketrapp i samband med det arbeidet som no går føre seg på vassdemningen ved Treskallen.

I samsvar med merknader frå ein del grunneigar på Nesse, gjeve til nabovarselet for rammeløyve for demninga m.m., er det sett fram ynskje om at tiltak i form laksetrapp eller liknande vert etablert i demninga.

Kommunen har i godkjent rammeløyve i sak 82/00 sett krav om at fisketrapp vert etablert samstundes med demninga. Med bakgrunn i dette er fisketrappa vist på dei prosjekterte teikningane som er innsendt i samband med søknad om igangsettingsløyve, godkjent av bygningsjefen den 27.09.01 i sak 255/01.

Etter å ha drøfta bygging av fisketrapp med representantar frå Lindås fiskeoppdrett er det ingen ting som tyder på at ikkje fisketrappa vert bygd samstundes som resten av det øvrige damanlegget.

Med helsing


Lars Johan Haukås
bygningsjef

Vedlegg. Teikningar av damanlegget m/fisketrapp datert 27.10.99 sist rev. 31.08.01
Vedtak gjort av bygningsjefen den 27.09.01, sak 255/01